

Fiskar væra

- 1) Fiskar væra da er so sunt, havet so urolegt er
Aaker aa bryta da er so turt, aa sikker hausting ein fær
- 2) Ingjen paa lukka si er klok. Vanskeleg kva so er best
Seg kven ikkje da besta tok, sette alt anna til rest.
- 3) Fiskaren kjend paa kvar ein grund, kjend paa boar aa skjær
Etter me-et han styrer kun, han veit han i leidi er
- 4) Jamnaste fleira mil fraa lann, han vonar ein fangst so rik
Men faar ikkje der det mindste grann, hans von ho gjeng upp i svik
- 5) I baat paa sjo er livet hans, det er hans leveveg
Kjem han med mykje fisk til lanns, jau daa fyrst han likar seg
- 6) Naar havet sprøyter inn over stamn, aa sjøen den bryt i kav
Daa kan den trugne fiskarmann, desverre faa havet til grav
- 7) Gud er førar, er styresmann, for alle paa livsens veg
Um du er uppaa det turre lann, kan vanheppa raaka deg